



Til Barne-, familie- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo.

Høringsvar frå Indremisjonsforbundet vedkomande
Forslag om endringer i ekteskapsloven mv.
Felles ekteskapslov for likekjønnede og ulikekjønnede par
Mai 2007

Bildøy den 18. september 2007
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEP.
Artikkelkode: 32/00
Dato: 20/9-07
Saksnr: 200701773-138

Indremisjonsforbundet (ImF) takkar for høvet til å gje høyringsfråsegn om forslaga til endring av ekteskapslova med konsekvensar også for adopsjonslova, bioteknologilova og barnelova. Vi må samtidig gje uttrykk for undring over at kristne organisasjonar og frikyrkjelege trussamfunn ikkje var med på høyringslista frå starten av når tema av så fundamental karakter står på dagsorden. Vonar at det er sjølvsgt for ettertida.

1. Hovudkonklusjon

Vi treng ikkje venta til slutt med å gje til kjenne vår hovudkonklusjon: Å erstatta ekteskapslova mellom mann og kvinne med såkalla felles ekteskapslov er faktisk å ta bort ekteskapslova og erstatta henne med rettsreglar for samliv. Det er ein dramatisk kulturrevolusjon i vårt land bort frå den sed og skikk som har vore samfunnsfundamentet i tusen år. Vi må be Regjeringa om ikkje å fremja ei slik lovendring for Stortinget. I det minste vonar vi at dei folkevalde vil avvise eit slikt forslag.

Indremisjonsforbundet er ei kristen grasrotrørsle. Det er stort engasjement for saka i heile organisasjonen. Frå Finnmark til Sørlandet får vi tydelege signal om at her må vi tala klart. Under vår generalforsamling i Stavanger i sommar blei det også samrøystes vedteke ein resolusjon som gav klart til kjenne misjonsfolket sitt syn på det nye forslaget.

Vi kjøper heller ikkje den føresetnaden som heile lovforslaget byggjer på at å halda på ekteskapet mellom mann og kvinne er diskriminering av homofile og lesbiske og krenking av deira menneskeverd.

2. Ekteskapet sin karakter

Forslaget om felles ekteskapslov byggjer tydeleg på andre premisser enn nåverande ekteskapslov. Ekteskapet mellom mann og kvinne byggjer på den biologiske og naturmessige føresetnad at det er mellom kvinne og mann at born blir til. Når ein tek bort dette perspektivet, meiner departementet at ein ikkje treng eiga lov for det heterofile ekteskapet. At ei slik omdefinering av ekteskapet også bryt med vår tusenårige kristne kulturhistorie tør vera sjølvsgt. Eigentleg er det nye forslaget å kutta fortøyninga til det som har vore grunnpilaren i samfunnsoppbygginga. I så måte er det logikk i Unge Venstre sitt forslag om ikkje å avgrensa ekteskapet til to personar. Men det viser kor gale det nye forslaget kan føra landet!

Vi vil åtvare mot å tru at motstanden mot det nye lovforslaget er grunngeve med "konservative kristne standpunkt". Det er sant nok. Men det er altså langt breiare allmenntisk og prinsipiell vurdering som ligg bak. Vi siterer med tilslutnad professor i rettsvitskap ved Universitetet i Bergen som i ein artikkel i 2005, skreiv følgjande: "Forslaget om å gjera

ekteskapet "kjønnsnøytralt" byggjer på eit overflatisk syn på ekteskapsretten. Det overser ekteskapets rolle som kulturell institusjon, og basis i naturgitte vilkår. Det vil ta bort ekteskapets identitetsberande element."

3. Adopsjon og assistert befruktning

Med departementet si endring av ekteskapsforståinga følgjer endra rettsreglar for adopsjon. "Ektefelle" skal altså inkludera person av same kjønn. Det tek i utgangspunktet frå barnet retten til å veksa opp med både mor og far. Vi skal ikkje underkjenna enkeltpersonars innsikt i omsorg og hjelp. Men foreldreskap byggjer både på biologisk utgangspunkt og borna sin rett til å speila seg i både mannlege og kvinnelege identifikasjonspersonar. Det ser ut for at forslaget har snudd dette på hovudet og berre argumenterer med omsorgsevna til vaksne, og har lausreve alt frå det biologiske utgangspunktet. Vi vil kalla dette forsøk på lovfesting av urett mot born. Ut frå dette må vi seia nei både til adopsjon for homofile og lesbiske par og same nei til assistert befruktning. Dei nye forslaga byggjer på tilraning av rettar for vaksne i strid med biologien og borna sin trong til mor og far. Det er rett som professor Kari Wærnes har sagt: "Homofil adopsjon fornektar det biologiske utgangspunktet."

For ordens skuld legg vi til at hjelp og støtte til born som ikkje har mor, far eller har mista begge to, kan ikkje blandast inn i denne prinsipielle saka.

4. Hastverk er lastverk

Det gamle ordtaket renn oss i hugen når vi har gått gjennom forslaga frå Departementet. Forslaga byggjer tydeleg på propaganda for ein konklusjon som synest gitt på førehand. Det er svært alvorleg om Regjering og Storting vil gjera slike drastiske endringar utan betre utgreiing og fundament for tilrådingane.

Det er tydeleg at ei lita og sterk aktivistgruppe knytt til landsforeininga for homofil og lesbisk frigjerer har lagt dei fleste premissene. Arbeidet er leia av ein statssekretær med tilknytning til same miljøet. Denne einsidige førebuinga kjem også til syne når ein drog på studietur til Spania. Berre folk frå dette miljøet blei teken med i delegasjonen. Forslaga støttar seg meir på ei masteroppgåve frå ein homofil frontperson enn fagleg vitskapleg forskning som går i djupna av spørsmåla på ein fagleg og seriøs måte. Slikt gir liten tillit.

Det hadde vore mykje meir tillitsvekkande om Departementet i det minste hadde referert grundig frå minst eit land som har komme til motsett konklusjon. I Frankrike sette presidenten i nasjonalforsamlinga i gang ei utgreiing. Konklusjonen blei klar: Det er ikkje i samsvar med borns rettar å innføra likekjønna ekteskapslov. Det må leggest til her. Frankrike kan ikkje seiast å vera prega av "snevre kristne" vurderingar. Landet har stor kunnskap om bioteknologi, er føregangslan omkring spørsmål som likestilling og menneskerettar. Utgreiinga studerte også følgjene i land som har endra lova. Dette landet brukte altså sin kompetanse til å avvise endring. Spania som den einsidige norske delegasjonen besøkte, var også med i den franske undersøkinga. Men dei studerte materialet tydeleg med meir nyanserte og faglege briller enn den norske einsidige (og nærast inhabile) gruppa.

5. Samfunnet sitt mandat blir svekka

Som indremisjonsfolk er vi vane med å halda fram samfunnet og staten sitt mandat. Med mindre vi må konstatera at her må vi lyda Gud meir enn menneske, oppmodar vi folket til lydnad mot samfunnet sine lover. Når staten så tydeleg arbeider for lovendring på så mangelfullt grunnlag som dette høyringsnotatet vitnar om, vil det undergrava staten sin


autoritet. Det er djupt beklageleg om staten vil endra grunnpilaren i samfunnet på ein måte som meir liknar ein resolusjonsdebatt i ei studentforsamling enn seriøst lovarbeid.

6. Konklusjon

Indremisjonsforbundet vil på det sterkaste fråråda Regjering og Storting til å ta bort ekteskapet mellom ein mann og ei kvinne og erstatta det med rettsreglar for ulike former for samliv. Det vil vera eit slag både mot samfunnet og borna som skal veksa opp i framtida.

Med vennleg helsing

Forbundsstyret



Karl Johan Hallaraker
generalsekretær